



Saksmappe: 2024/500
Sakshandsamar: SBJ
Dato: 21.01.2025

Saksframlegg

Utv. Saksnr.	Utval	Møtedato
17/25	Planutval	27.01.2025
11/25	Kommunestyret	30.01.2025

Fastsetting av planprogram

Kommunedirektørens si tilråding

Bykle kommunestyre fastset vedlagde planprogram, jf. PBL § 11-3 for arbeid med arealdelen i kommuneplan 2025-2035.

Planutval si handsaming av sak 17/2025 i møte den 27.01.2025:

Handsaming

Framlegg frå Sigmund A. Trydal (SP):

Til 2.3, side 11. På linje 4 står no " alle nye", dette endres til: alle områder.

Grunngjeving: Hovedutfordring er dels at tidligere KU er ufullstendig.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Miljø: Påvirkningsområde utover sjølve arealinngrepet.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Samfunn: Kommuneøkonomi

Til 3.1, side 16. Legge til punkt om foreslått friområde, på eigen eller andres grunn

Kommunedirektøren si tilråding og framlegg blei samrøystes vedteke

Vedtak

Bykle kommunestyre fastset vedlagde planprogram, jf. PBL § 11-3 for arbeid med arealdelen i kommuneplan 2025-2035.

Til 2.3, side 11. På linje 4 står no " alle nye", dette endres til: alle områder.

Grunngjeving: Hovedutfordring er dels at tidligere KU er ufullstendig.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Miljø: Påvirkningsområde utover sjølve arealinngrepet.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Samfunn: Kommuneøkonomi

Til 3.1, side 16. Legge til punkt om foreslått friområde, på eigen eller andres grunn

Kommunestyret si handsaming av sak 11/2025 i møte den 30.01.2025:

Handsaming

Planutvalet si innstilling blei samrøystes vedteke med 2 av punkta.

Til 2.3, side 11. På linje 4 står no " alle nye", dette endres til: alle områder.

Grunngjeving: Hovedutfordring er dels at tidligere KU er ufullstendig.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Miljø: Påvirkningsområde utover sjølve arealinngrepet.

Vedtak

Bykle kommunestyre fastset vedlagde planprogram, jf. PBL § 11-3 for arbeid med arealdelen i kommuneplan 2025-2035.

Til 2.3, side 11. På linje 4 står no " alle nye", dette endres til: alle områder.

Grunngjeving: Hovedutfordring er dels at tidligere KU er ufullstendig.

Til 2.3, side 11. Legge til kulepunkt under Miljø: Påvirkningsområde utover sjølve arealinngrepet.

Saksutgreiing:

Bakgrunn for saka

Bykle kommune sende ut framlegg til planprogram før jol med høyringsfrist 16.12.24. Planprogrammet har vore på høyring og relevante innspel er innarbeidde i revidert framlegg til planprogram.

Formelt grunnlag

§ 11-13 i Plan- og bygningslova seier at det skal bli utarbeidd planprogram etter reglane i § 4-1.

Planprogrammet skal fastsettest av kommunestyret.

Økonomiske vurderingar og konsekvensar

Sjølve arbeidet med arealdelen i kommuneplan vil krevje mykje ressursar. Det er mange utgreiingar som må gjennomførast og mange eksterne vurderingar i konsekvensutgreiinga. Omfanget av tenestekjøp vil bli konkretisert etter kvart som ein ser omfanget av innspel til endra arealbruk. Kommunedirektøren kjem tilbake med eiga sak dersom ein finn at planavdelinga si driftsramme ikkje er tilstrekkeleg for naudsynnte utgreiingar med spesialistkompetanse.

Høyringsinnspel og vurdering av innspel til planprogram

Frå	Innspel	Kommentar planprogram	Handsaming / oppfølging i planarbeidet
Riksantikvaren (RA)	Bykle gamle kyrkje frå 1619 er freda etter kulturminnelova §4 tredje ledd og bør leggst inn med omsynsone H 730, bandlagt etter kulturminnelova		Følgast opp i arealdelen Høyrer heime i sjølve arealdelen
Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)	Det er registrert 29 grus-pukk- og steinførekomstar og 9 malm-industrimineral og natursteinførekomstar i Bykle. I Konsekvensutgreiingane av ny arealbruk må det hentast inn informasjon om dei som ikkje er verdivurderte , då desse kan vere viktige.I KU må kommunen også bruke grus og pukkdatabasen og mineralressursdatabasen frå NGU og DMF sitt kartgrunnlag. Behov for nye anlegg til råstoffutvinning må grunngjevast. Det må i arealdelen skiljast mellom noverande og framtidig råstoffutvinning. Kommunen bør vurdere å bruke omsynsone H 590 for område med registrerte førekomstar av mineralske ressursar som kan vere aktuelle for framtidig utvinning. DMF har også kommentar til føresegnene i kommuneplanen.	Følgast opp i KU – blir teke inn i omtale av metodikk i planprogrammet.	Må inn som del av konsekvensutgreiinga. Omsynssone / arealføremål, blir følgd opp i arealdelen, inkl. mellomlagring / deponi. Høyrer heime i sjølve arealdelen.
Norsk maritimt museum	Har ingen kommentar, men ynskjer å bli oppdatert om planprosessen.		
Norges Vassdrag- og energidirektorat (NVE)	I samband med planprosessen skal kommunen utføre		

Frå	Innspel	Kommentar planprogram	Handsaming / oppfølging i planarbeidet
	overordna ROS analyse for heile kommunen. NVE har ei kartbasert rettleiing for komme/ Fylkeskommuneplanen sin areal som går stegvis gjennom NVE sitt fagområde. Dei rår kommunen til å: -Kartlegge areal som er utsett for potensielle naturfare. -Markere areal utsett for fare med omsynsoner i plankartet, og styre utbygging til trygge område. -Nytte best mogleg kunnskap om naturfare i planlegginga. -Unnatak frå plankrav og spreidd bustadbygging. - Klimaendringar, klimatilpassing og energiplanlegging. Overvasshandtering /flaumvegar. Byggjegranser mot vassdrag. Ålmenta sine interesser i vassdrag. Verna vassdrag. Myr og våtmark. Vassdrags- og energianlegg	Gjennom-gong av vedtekne reguleringsplanar med sideblikk på klimaendringar og ev avløyning av delområde med ny kjent kunnskap om naturfarar. KU krav blir vurdert i aktuelle område.	Kartlegging av farar vil bli utført i medhald av rettleiar. Naturfare i LNF-spreidd bustadbygging vurderer samla kartlegging i grender ev omsynssone med vilkår. Omsynssone flaum, og omsynssoner basert på aktsemdkart for skred/ras og flaum vil bli innarbeidd. Overvass-handtering inngår i hovudplan VA. Byggjegrænse langs vassdrag blir innarbeidd. Verna vassdrag , myr og våtmark inngår i planarbeidet. Reguleringsmagasin og anlegg blir innarbeidd med omsynssoner/ område med eige føremål. Kraftliner, konseptvalutgreiing pumpekraft mv blir vurdert. Areal til nye anlegg blir vurdert.

Frå	Innspel	Kommentar planprogram	Handsaming / oppfølging i planarbeidet
			Småkraft ev. etter nye innspel.
Vegard Vatnedalen	Han meiner BFR 13 må takast ut som område til fritidsbebyggelse.		Høyrer heime i sjølve arealdelen.
Fortidsminneforeningen, Aust-Agder lokallag	Rammeverket for kulturmiljøvernet må styrkast i den komande kommuneplanen. • Dei er glad for at ordet kulturmiljø er med i utkastet men saknar ord som kulturminne, stadtilpassing, gjenbruk og ombruk. • - Kommunen bør ta inn omsynsoner kulturmiljø H570 med føresegner og rammer. • Byggeskikkrettleiaren bør oppdaterast. • Kommune bør lage oversikt over gardsbruk, småbruk og bygningar som står tomme og prioritere at desse blir brukt, framfor å legge ut nye utbyggingsområde.		
Steinar Bruskeland	Ynskjer å bygge fleire fritidseigdomar i Berdalen.		Må takast i sjølve arealdelen.
AS Sætersdalen	Ynskjer fleire utbyggingar m.a låvehotell og leilegheitsbygg for utleige.		Må takast i sjølve arealdelen.
Agder Fylkeskommune	Kommune må bruke arealrekneskap og sjå på arealreservar. Dei tilbyr hjelp og rettleing i prosessen. Interessekonfliktar i høve villrein må bygge på oppdatert kunnskap og viser til kvalitetsnorm for villrein. FK har forventning om at konflikten med myr og verdifulle naturområde vert redusert. Friluftsliv og natur. Besøksforvaltning er viktig m.o.t sti- og løype-planlegging. Samferdsle; Trafikktryggleik er viktig. Skilje sti- og løype frå gs- veggar / fylkesvegane.		Kommunen kjem til å rådføre seg med Fylkeskommunen og bruke deira kompetanse i planarbeidet. Nokre av innspela høyrer heime i sjølve arealdelen. Sjå kommentar til Statsforvaltar. Revisjon av sti – og løypeplan inngår, og vi søker støtte frå AFK. Blir arbeidd med i planarbeidet.

Frå	Innspel	Kommentar planprogram	Handsaming / oppfølging i planarbeidet
	Kulturminne må ivaretakast, Njardarheim som KULA område og fredningsområde som er i prosess på Hovden.		Blir arbeidd med i planen. Kulturminne blir ivareteke i planarbeidet.
Statsforvaltaren i Agder	Statsforvaltaren viser til ulikt rettleiingsmateriell, av 18.03.2022 til kommuneplanens arealdel av juni 2021 for KU etter PBL M-1941 om KU av klima og miljøtema -Arealrekneskap, planvask og attendeføring til LNF føremål. -Føringar for arealinnspel. -Metodikk for konsekvensutgreiing. -Berekraftig utvikling av hytteområde. - Villrein -Naturmangfald -Jordvern -Vassførekomstar -Støy	Rev. Planprogram vdr. KU. Til planprogram. Naturmangfald – aktuelt tema i KU – rev planprogram. Vassførekomstar - omtale metodikk i rev. Planprogram.	Arealrekneskap .m.v. - oppfølging i planarbeidet. Berekraftig hyttebygging - blir teke inn i arbeid med ny arealdel. Villrein – blir sentral i planarbeidet. Jordvern – auka sjølvforsyning og nydyrking blir arbeidd med i ny arealdel / omsynssone blir vurdert. Støy inngår i planarbeidet.

Frå	Innspel	Kommentar planprogram	Handsaming / oppfølging i planarbeidet
	-Folkehelse og helsetenester. - Massehandtering -Samfunnstryggleik og beredskap	Massedeponi blir nemnt i rev. Planprogram.	Inngår i planarbeidet. Massehandtering og – areal inngår i planarbeidet. Blir ivareteke i planarbeidet.
Statens vegvesen	Ingen konkrete innspel til planprogrammet		
Otra Kraft	Orienterer om planar for pumpekraft, og viser til kap 5 om Vassressursar		Ref. pkt kommentar NVE.
Verneområdestyret i Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane, SVR	Dei meiner at kommuneplanen sin arealdel må handle mest om korleis ein skal styre, handtere og kanalisere ferdsel frå hytteområda.	Villrein er med som tema i planprogrammet	Blir ivareteke i planarbeidet.

Kva er endra i planprogrammet?

Vi har blitt gjort merksame på rettleiarar og kunnskapsbasar som kan brukast i det vidare arbeidet, etter møte med Statsforvaltar og Fylkeskommune. Det er også aktuelt å bruke analyser og arealrekneskap og få hjelp til dette.

Planprogrammet er supplert kring temaet og korleis ein vil arbeide med konsekvensutgreiingar.

Vi er også blitt råda til å spisse kva vi ynskjer innspel om, slik at ei grovsiling går raskare. Denne må haldast politiske verkstader og politiske møte der ein drøftar kva som skal inn i ny kommuneplan og om det er område som skal ut av eksisterande kommuneplanen.

Det er grendemøte på gong der ein tek i mot synspunkt. Vi kjem til å lage eit innspelskjema slik det er skildra i planprogrammet. Dette vil, vonleg, gjere arbeidet lettare for alle partar. Det vil bli kunngjort formell oppstart av planarbeidet og frist for å kome med innspel.

Bykle, 16.01.2025

Kommunedirektøren

Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Planprogram revidert etter høyring_for fastsetting (1)
- 2 Innspel til planprogram - arealdelen til kommuneplanen for Bykle kommune.pdf
- 3 Innspel til planprogram - arealdelen til kommuneplanen for Bykle kommune
- 4 Bykle - kommuneplanen 2025-2035 arealdel - varsel om oppstart og høyring av planprogram.PDF

- 5 Innspel til oppstart av planarbeid for kommuneplanens arealdel 2025 - 2025 i Bykle kommune.pdf
- 6 30903-11 Særutskrift - Bykle kommune - Revisjon av arealdelen til kommuneplanen 2025-2035 - 2644791 1 1.PDF
- 7 Bykle kommune - revisjon av arealdelen til kommuneplanen 2025-2035 - fråsegn
- 8 3205 InnspelRulleringKP - AS Sætersdalen.pdf
- 9 Innspel kommuneplan 2025-2035 - AS Sætersdalen
- 10 3205 SteinarBruskelandInnspillKP.pdf
- 11 Innspel til rullering av KP
- 12 Høyringsvar - Kommuneplan Bykle kommune, Areal del - Planstrategi, 15122024.pdf
- 13 Høyringsvar - Planprogram for Kommuneplan (Areal del 2025-2035), Bykle kommune
- 14 Innspill til planprogram- kommunens arealdel.pdf
- 15 Innspill til planprogram for kommuneplanens arealdel
- 16 5232720_1_1.PDF
- 17 Opptartmelding og høyring av planprogram Agder Bykle kommuneplanens arealdel 2025-2035
- 18 Fråsegn til varsel om oppstart og høyring av planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2025–2035 for Bykle kommune.PDF
- 19 Riksantikvaren sin uttale til varsel om oppstart av planarbeid og høring av planprogram for kommuneplanens arealdel 2025-2035

Melding om vedtak blir sendt til: